

Kommunal- og moderniseringsdep.
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Førde, 5.september 2016

INNSPEL TIL STORTINGSMELDING OM BEREKRAFTIGE BYAR OG STERKE DISTRIKT

Styret for Merkur-programmet for utvikling av distriktsbutikker ønsker å kome innspel til den planlagde stortingsmeldinga om berekraftige byar og sterke distrikt.

Vedlagt innspelsnotat som er i samsvar med vedtak i styret 29.august 2016, vert med dette oversendt.

Med venleg helsing

Per Kjetil Jørgensen
rådgjevar

Merkur-programmet

BEREKRAFTIGE BYAR OG STERKE DISTRIKT – INNSPEL FRÅ MERKUR-PROGRAMMET

Nærbutikk er ein viktig del av infrastrukturen i distrikts-Norge, på linje med skule og barnehage. Utan tilgang på ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet, er det vanskeleg å få folk til å busette seg utanom byar og tettstadar.

Distriktsbutikkane tilbyr grunnleggande kommersiell service, både for privatpersonar og lokale bedrifter. Dette omfattar blant anna sal av daglegvarer og drivstoff, post- og pakke-service, apotek og betalingstenester. Butikken har ei rolle som møteplass, lokalt service-senter og er nav i lokalsamfunnet.

Næringslivet i distrikta er avhengig av gode rammevilkår i form av eit minimum av kommersiell service. Turistnæringa (inkl. hytte-turistane) har behov for lokalsamfunn med god service, inkludert sal av daglegvarer og tenester knytt til nærbutikken.

Ein ny rapport frå Møreforskning dokumenter at små butikkar i distrikta har potensiale for å fungere som samfunnsentreprenørar, i tillegg til å levere daglegvarer. Mange butikkar spelar ei aktiv rolle ved at kjøpmannen set i gang ny næringsverksemd i og rundt butikken, for å styrkje inntektsgrunnlaget. Butikken kan også vere ein arena for entreprenørskap og verdiskaping ved at butikken er bygdas viktigaste møteplass, der lokale eldsjeler møtest for å utvikle lokalsamfunnet.

Nokre distriktsbutikker har tatt imot flyktningar for språk- og arbeidspraksis, med godt resultat. Dette viser at butikkane også kan spele ei rolle når det gjeld integrering.

Merkur-programmet har gjennom 20 år oppnådd gode resultat gjennom sitt utviklings- og kompetanseprogram for distriktsbutikkane. Butikker som har deltatt i programmet, har hatt betre omsetningsutvikling enn andre distriktsbutikker, viser Møreforskings evaluering. Dette blir også dokumentert gjennom fleire rapportar frå Institutt for Bransjeanalyser. Butikker som har fått investeringsstøtte, har betre omsetningsutvikling enn andre Merkur-butikker.

Dei fleste små butikkar slit med økonomien. I mange tynt folkesette område er den lokale marknaden for liten, for å kunne drive lønnsame daglegvarebutikker med viktige service-funksjonar. Dagens investeringsstøtte-ordning gjer det mogleg å gjennomføre nødvendig oppgradering og modernisering som butikkane ikkje har økonomi til å få gjort med eigne midlar. Rapportar om den økonomiske situasjonen for dei mindre Merkur-butikkane tyder på at det er nødvendig å gå inn med meir støtte-midlar, dersom marginale lokalsamfunn skal sikrast grunnleggande kommersiell service på ein slik måte at kvardagen fungerer tilfredsstillande både for innbyggjarar og bedrifter.

Kommunane spelar ei sentral rolle når det gjeld lokal samfunnsutvikling. Mange kommunar samarbeider aktivt med lokale butikkar, slik at butikken formidlar kommunal informasjon, låner ut bøker, driv miljøstasjon, turistinformasjon mm. Nokre kommunar diskuterer ei utvida rolle for butikken, med formidling av omsorgstenester. Kommunane kan i større grad utnytte det potensialet lokalbutikkane har som service-tilbydarar og utviklingsaktørar.

Offentlege innkjøp står ofte for rundt 10 prosent av omsetninga i nærbutikkane. Når kommunane legg opp til sentrale innkjøpsavtalar, fører dette til redusert omsetning og dårlegare lønsemd i desse butikkane. Offentlege krav om lærlingar mv. gjer det i praksis særst vanskeleg for dei minste butikkane å konkurrere om oppdrag.

Erfaringane viser at butikk-utvikling er ein god og effektiv måte å drive bygdeutvikling på. Ein er avhengig av eit godt samarbeid med kommunane for å få dette til. Det er ikkje noko kommunal oppgåve å drive butikk. Men nærbutikken bør ha ei rolle i kommunal planlegging fordi det er ei så viktig institusjon i lokalsamfunnet. Dersom bygdefolk, butikk og kommune samarbeider, vil resultatet bli meir berekraftige lokalsamfunn.